(84.) (nr. 16965) 4. 1

Gnagere.

59 – 60. ? ./.

61. Med nettingfeller med (fall) dør og feller med slagbøyle.

62. Sel er visst ~~visst~~ ikkje tatt med fangstredskap? Dei skyt han. Tilfelle er det at han går i eit garn

Rovfugl.

63. Ved skot. ./. ./.

64. Småfugl. ./.

---

Emne 85. Tradisjon – Segner. – –

22. Jau, i min ungdom har eg nok høyrt om den boka, – og høyrt opplese avsnitt av henne. Men den yngre slekt slekt her har visst heilt gløymt henne ut. Etter at to (~~fleire~~?) trollkjerringar vart brende x) (dømde, den eine herredsretta (Torkell Mauland!) om trolldom i Rogaland) så har visst folk sett med skrekk på både svartebøker – og maning og annan trolldom som „kloke kjerringar dreiv med i gamle dagar.

16966

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

x) Halshogd.

Emne 85 5. 2

## 29.) Den siste ulven på Karmøy.

Segna om den siste ulven på Karmøy lever på folketunga den dag idag, nett som då eg var gutunge. Men kor lenge det er sidan denne ulvejakta, veit ingen nå. —

Dei gjorde „manngard", – frå Falnes – ved Skude – i aust – til Røyrvik ved Syreglan i vest. Og så snart dei vart var at dei hadde ulven føre seg, bar det nordover. Kor mange mannfolk det var med i manngarden, har eg ikkje høyrt, men øya er ca 8 km. på det breiaste. og dei måtte jo ha god kontakt med einannan. Ulven gjekk ikkje på sjøen, dei fylgde han til nord-spissen av Karmøy – ved Haugesund. Der prøvde han å gøyma seg i ei hole, og der vart han slegen ihel. Det høyrest ikkje ut så at dei brukа børse.

Men den hola ber namnet „Skrubbahålå" den dag idag. —

Didrik Mjølhus

Det høyrest ut så at dette er eit historisk hende. Eller er der variasjonar av denne segna frå andre kanta av landet ?, Kan nokon hjelpa meg?

16966

16966
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING